



**Norges Vassdrag- og Energidirektorat**

**Middelthunsgate 29**

**Postboks 5091 Majorstuen**

**0301 Oslo**

Postens trykkesentral

Jan Petter Nyløy

Øvre Sundbygdvegen 43

7790 Malm

Org.nr. 992689889

Malm 31. Mars 2023

Norges Vassdrag- og Energidirektorat

Middelthunsgate 29

Postboks 5091 Majorstuen

0301 Oslo

Saks.nr. 202116028

**Høyringsfråsegn frå grunneigar Jan Petter Nyløy, gnr. 8 bnr. 3 Gjelleråkeren om  
etablering av ny transformatorstasjon på Yttri i Fortun, Luster Kommune**

**1. Innleiing**

Syner til høyringsbrev frå NVE datert den 07. februar 2023, der bla. grunneigarar vart invitert til å komme med innspel.

Eg er positiv til at Statnett SF vil byggja ein ny og framtidsretta transformatorstasjon i bygda og forstår at det nye anlegget er å rekna som eit samfunnskritisk anlegg. Det vil skje store inngrep ved å etablere ein ny transformatorstasjon på Yttri med innsyn frå bla.

Sognefjellsvegen som er rekna som ein Nasjonal Turistveg, grunneigarar som mistar fulldyrka areal og ikkje minst bygda folket og turistar som skal ha dette som innfallsvinkel når dei skal vidare innover Fortunsdalen og til Nørdstedalseter.

**2. Idrett**

Tidligere så gjekk det ei lysløype i same område som det no er planer om å etablere ein ny transformatorstasjon. Den gamle avtalen som var mellom Fanaråk idrettslag og tidligere eigar av mitt bruk vart ikkje fornya av meg. Årsaken til det er at idrettslaget ikkje har fulgt opp det står i avtalen i henhold til vedlikehold av det teknisk utstyr som står i lysløypa, men også istandsetting av gjerde og grunder i lysløypetrase etter avslutta skisesong. I tillegg så skulle det betalest ein liten symbolsk sum for årleg leige som heller ikkje vart oppfylt av idrettslaget.

**3. Landbruk**

Fortun transformatorstasjon vil medføre store konsekvensar for 2 av dei 3 landbrukseigedommane på Yttri. Den mest fruktbare jorda i Fortunsdalen finn du på Yttri og det er den plassen som det blir tidligast grønt om våren og har mest sol gjennom året. Gardane på Yttri eignar seg svært godt for bær og grønnsaksdyrking, noko som dei også har



blitt nytta til opp igjennom åra fordi det meste av innmarka ligg over den djupaste dalbotnen og er difor mindre utsatt for frostskafer.

#### 4. Avståelse av grunn

Det er fyrst og fremst gnr. 8 bnr. 1 (Hammerborg) og gnr. 8 bnr. 3 (Nyløy) som vil få redusert driftsgrunnlaget sitt vesentlig. Bnr. 1 får redusert sitt fulldyrka areal med 6,3 dekar mot bnr. 3 som får det redusert med heile 17,2 dekar. Det som då er att av fulldyrka areal på Jamnene blir arrondering messig og etter dagens standard med størrelse på maskiner ikkje drivverdig. Det medfører at det kun kan nyttast til beiteformål, difor blir det svært viktig at ein del av overskot massane frå Jamnene blir tippa over kanten på berget og planert nede i Kalvedalen. Dette for å få til ein bedre arrondering av dagens areal men også for å få til ein vegtrase frå fjøset på Gjelleråkeren og vidare ned til Kalvedalen og over til Jamnene for beitedyr men også for å kunne køyre vatn til dyra osv.

For gnr. 8 bnr. 3 så vil tiltaket mellom anna medføre at landbrukseigendommen kjem under grensa for lovbestemt buplikt, som igjen vil påverke busetjingsomsynet negativt.

Statnett viser til at 8,6 dekar av dette vil være potensielt erstatningsareal for tapt jordbruksmark (Deponi 2) for bnr. 3, dette stemmer ikkje i det mesteparten av dette arealet allereie er registrert som fulldyrka areal i dag.

*Som grunneigar stiller eg meg kritisk til at så store jordbruksareal med fulldyrka areal vert nedbygd og meiner fortsatt at Statnett her må finna ei alternativ plassering for etablering av ny trafostasjon som ikkje legg beslag på dyrkamark.*

#### 5. Landbruksveg

Så seint som den 01.12. 2017 vart den nybygde traktorvegen som starter frå krysset ved gards og grendavegen til Yttri og som går vidare nordover til og med Kveinahagsøy ferdigstilt. Vegen er bygt som traktorveg klasse 7, og har 3,5 meter som minium vegbreidd, opparbeida berelag med gode grøfter og stikkrenner. Det var stort fokus under bygginga av vegen med å få stigninga godt under kravet som er på 15 %, entreprenør Hatlevoll fekk Kveinahagvegen ned på 12%. Viser også til at landbruksvegen vart behandla som sak for Sogn jordskifterett, sak nr. 1410-2011-0007 Yttri og Gulating jordskifteoverrett, sak nr. 2500-2015-0005 Yttri, fordi eigar av gnr. 8 bnr. 1 (Hammerborg) i utgangspunktet ikkje ville være med å finansiere bygging av vegen.

Statnett har lagt opp til 2 ulike veg løysingar, trase alternativ 1 vil bli svært bratt og legge beslag på endå meir dyrkajord. Eg ber om at alternativ trase 2 blir lagt til grunn som ny landbruksveg. Då med maks stigning på 12 % i lass retning nordover og att skarpe svingar med stigning blir unngått. I tillegg så meiner eg att det må lagast til ein veg frå det nordvestre hjørne av ny trafostasjon og i overkant av dyrkajorda på Jamnene og tilbake mot Kalvedalen.

#### 6. Erstatningsareal

Eg har 5 forslag til erstatningsareal.

Forslag 1 (som også er omtalt som D-2 og D-3) er at ein del av arealet i Kalvadalen blir utbedra og fylt opp med sted eigna massar for å få til ein betre arrondering av dagens terreng. For det arealet som ligg heilt i botnen, så har dei gamle steinsatte grøftene gått tett, difor har ein 1/3 av dei blitt grave opp med gravemaskin og anlagt som open grøft som ein



midlertidig løysing. Oppå berget på Jamnene (D-2) er det også muligheter for å planere utover masser mellom gammel høgspenmast som skal rivest og ny mast omtalt som B-7 på kartet.

Forslag 2 er ein eldre godkjent plan for nydyrking av Luster Kommune 11.12.1969. Dette arealet vart beholdt utenom værneplanen for Drægnismorki-Yttrismorki naturreservat i 2010/2015 fordi det hadde svært liten værneinteresse, men også med tanke på at det fortsatt skal være mulig å ha ei aktiv gardsdrift i tillegg til eit aktiv værn.

Forslag 3 er det same areal som Asplan Viak i 2016 utarbeida som masseuttak for Hydro Energi i forbindelse med tiltaksplan for Fortunsdalelva som er utarbeida av Sweco. Der dei skulle ta ut masser av fast fjell i Kveinahagen til bruk som bakfyll og plastring mot elv.

Forslag 4 utfylling av areal mellom dagens fulldyrka areal i Kveinehagen og Fortunsdalelva, godkjent av Luster Kommune 15.11.2016.

Forslag 5 oppdyrking av 5,3 dekar på vestsida av Fortunsdalelva, Nyløy gnr. 9 bnr. 5. Der kan utbyggjar ta i bruk den gamle brua som i dag går over elva til Yttri og som likevel skal rivast etter at den nye brua er på plass. Utbyggjar vil då komme til arealet uavhengig av vasstand i elva og grunneigar vil få ei sikker tilkomst til den nye dyrkajorda si.

## 7. Jakt

Utøvelse av jakt på småvilt og storvilt vil få store konsekvensar i anleggsperioden men også for ettertida. Normale trekkruter som dyra har etablert over lang tid blir dei no for all framtid forhindra av å bruke. Ber om at konsekvensane av dette for viltbestandsplan blir utreda før anleggsarbeide blir satt i gong. Utleige av jakt har blitt ei viktig inntektskilde for den enkelte grunneigar og som Statnett her må kompensera for.

## 8. Merknader

- Negative verknader for landbruk og lokalsamfunn må i størst mulig grad avgrensast.
- Om det føreligg alternativ plassering av trafostasjonen må det vurderast på nytt.
- Beslaglagt jordbruksareal må kompensera fullt ut og i samråd med den enkelte grunneigar. Erstatningsareal må etablerast i same arealkategori og i same kvalitet eller betre. Det må også ha same produksjonspotensial eller betre som det opphavlege arealet.
- Jordflytting må utførast i samråd med NLR og grunneigar.
- All matjord må handterast etter gitte retningslinjer gitt av NLR.
- Statnett og linja må gje full kompensasjon for driftsulemper og avlingstap som fylgje av permanente installasjonar og anleggsverksemd, både i anleggsperioden og etterpå. Det same må også gjelde for utøving av jakt.
- Utbyggjar er ansvarlig for å sette opp og vedlikeholde eit permanent gjerde som skal forhindre beitedyr i å komme ned på veg, naboeigedommar og stasjonsområde.
- Ser at det også er merkja av eit bygg på kartet sør for det inngjerda trafostasjonsområde, som igjen vil leggje beslag på meir dyrkajord.

Med helsing

*Jan Petter Nyløy*  
Jan Petter Nyløy



Eg har her skravert med blålig penn, det arealet som skal nydørkast. (1)



<p>0 20 40 60m</p> <p>Målestokk 1 : 2000 ved A4 utskrift</p> <p>Utskriftsdato: 05.02.2014</p>	<p><b>Markslog (AR5) 13 klasser</b></p> <p><b>TEGNFORKLARING</b></p> <table border="0"> <tr> <td></td> <td>Fulldyrka jord</td> <td>52.1</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Overflatedyrka jord</td> <td>0.0</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Innmarksbeite</td> <td>21.1</td> <td>73.2</td> </tr> <tr> <td></td> <td>Skog av særst høg bonitet</td> <td>11.7</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Skog av høg bonitet</td> <td>65.5</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Skog av middels bonitet</td> <td>12.3</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Skog av lav bonitet</td> <td>23.6</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Uproduktiv skog</td> <td>95.5</td> <td>208.6</td> </tr> <tr> <td></td> <td>Myr</td> <td>6.7</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Åpen jorddekt fastmark</td> <td>13.4</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Åpen grunnlendt fastmark</td> <td>3.2</td> <td>23.3</td> </tr> <tr> <td></td> <td>Bebyggd, samf, vann, bre</td> <td>0.4</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Ikke klassifisert</td> <td>0.0</td> <td>0.4</td> </tr> <tr> <td><b>Sum:</b></td> <td></td> <td><b>305.5</b></td> <td><b>305.5</b></td> </tr> </table>		Fulldyrka jord	52.1			Overflatedyrka jord	0.0			Innmarksbeite	21.1	73.2		Skog av særst høg bonitet	11.7			Skog av høg bonitet	65.5			Skog av middels bonitet	12.3			Skog av lav bonitet	23.6			Uproduktiv skog	95.5	208.6		Myr	6.7			Åpen jorddekt fastmark	13.4			Åpen grunnlendt fastmark	3.2	23.3		Bebyggd, samf, vann, bre	0.4			Ikke klassifisert	0.0	0.4	<b>Sum:</b>		<b>305.5</b>	<b>305.5</b>	<p>Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle telger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.</p> <p>Ajourføringsbehov meldes til kommunen.</p> <p> Arealressursgrenser</p> <p> Eiendomsgrenser</p>
	Fulldyrka jord	52.1																																																								
	Overflatedyrka jord	0.0																																																								
	Innmarksbeite	21.1	73.2																																																							
	Skog av særst høg bonitet	11.7																																																								
	Skog av høg bonitet	65.5																																																								
	Skog av middels bonitet	12.3																																																								
	Skog av lav bonitet	23.6																																																								
	Uproduktiv skog	95.5	208.6																																																							
	Myr	6.7																																																								
	Åpen jorddekt fastmark	13.4																																																								
	Åpen grunnlendt fastmark	3.2	23.3																																																							
	Bebyggd, samf, vann, bre	0.4																																																								
	Ikke klassifisert	0.0	0.4																																																							
<b>Sum:</b>		<b>305.5</b>	<b>305.5</b>																																																							
<p><b>GÅRDSKART</b> 1426-8/3</p> <p>Tilknyttede grunneiendommer:</p> <p>8/3</p>																																																										

26 Mars 2014 v/ Yan Peller Nuldv





**Luster kommune**

**Landbruk og naturforvaltning**

15.11.2016

Jan Petter Nyløy

Arkivsak: 16/4115

Løpenr.: 16/13797

Sakshandsamar:

Marianne Bugge

### **Søknad om godkjenning av utvida nydyrking**

Vi viser til arkivsak nr. 14/955, der det vert gitt løyve til dyrking av om lag 7 daa. Viser til samtale med søkjar 15.11.2016, der han ønskjer noko utviding av nydyrkingsarealet.

Det vert med dette gjeve melding om at landbrukssjefen har teke slik avgjerd i d-sak 516/16:

***I medhald av delegasjonsvedtak i Luster kommune, k.sak nr. 1310 og d.sak nr. 454/13, godkjenner landbrukssjefen nydyrking av om lag 4 daa, på gbnr. 8/3, i Fortun, Luster. Dette med heimel i Forskrift for nydyrking, 15.05.1997.***

***Er nydyrkinga ikkje iverksett innan tre år etter at godkjenning er gitt, fell løyvet bort. Nydyrkinga stettar krava for å søkja kommunen om tilskot til nydyrking.***

Med helsing

Marianne Bugge  
landbruksrådgjevar  
tlf.: 57 68 55 95

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

Mottakar (ar):

Jan Petter Nyløy, ,

**ADRESSE:**  
Rådhuset  
6868 Gaupne

**TELEFON:**  
Sentralbord:  
57 68 55 00

**TELEFAX**  
57 68 55 01

**E-POST ADRESSE:**  
postmottak@luster.kommune.no

**ORGANISASJONSNR.**  
964 968 241  
**Bankgiro:**  
3785.07.00142

**Luster kommune**  
**Delegert vedtak**

---

Utval som skal ha melding om vedtak:  
Plan- og forvaltningsstyret

Vedtaksdato:  
15.11.2016

---

**Søknad om godkjenning av nydyrking**

Arkivsak:  
16/4115

Sakshandsamar:  
Marianne Bugge

Arkivkode:  
MTR 8/3

**SAMANDRAG:**

Viser til arkivsak nr. 14/955, der det vert godkjent plan for nydyrking av om lag 7 daa på gbnr. 8/3 i Fortun. Søkjar er Jan Petter Nyløy. Tiltaket er no sett i verk, og forseinkinga skuldast at søkjar har avventa at Hydro skulle setja i gang arbeid med plastring av elvekanten i området. I samband med at dette arbeidet no er i gang, ser søkjar Jan Petter Nyløy det føremålsteneleg å inkludera om lag 4 daa til i nydyrkingsarbeidet. Det arealet han ønskjer å dyrka opp, i tillegg til det som allereie er godkjent, ligg i forlenginga av det godkjente området langs elva (sjå kartutsnitt). Luster kommune kan ikkje sjå at det vil medføra ulemper å dyrka dette arealet, og ser mulegheitene for søkjar i samband med at Hydro no gjer ein jobb med sikring av elvebreidda her.

Delegert mynde er gjeve i delegasjonsreglementet.

**Sak: 516/16.**

**Vedtak:**

***I medhald av delegasjonsvedtak i Luster kommune, k.sak nr. 1310 og d.sak nr. 454/13, godkjenner landbrukssjefen nydyrking av om lag 4 daa, på gbnr. 8/3, i Fortun, Luster. Dette med heimel i Forskrift for nydyrking, 15.05.1997.***

***Er nydyrkinga ikkje iverksett innan tre år etter at godkjenning er gitt, fell løyvet bort. Nydyrkinga stettar krava for å søkja kommunen om tilskot til nydyrking.***

Steinulf Skjerdal  
Landbrukssjef



Må gjøymast til arbeidet  
er ferdig og godkjent.


## Plan

med utgreiing og overslag for eit overflatedyrkingsarbeid på garden Yttri , 8/3  
tilhøyrande Marta Øvrebo, 5834 Fortun i Luster herad.

### UTGREIING OM FELTET

1. Namn og lægje Beitefeltet ligg opp frå driftsbygningen omlag 400 m  
og går ned til vegen, som vert driftveg frå drifts-  
bygningen. Denne vegen går vidare i utmarka.
2. Høgde over havet 60 meter.
3. Jordslag, djupn og godleik .....  
Det er skogsjord, forvåttingsjord og skredjord,  
delvis av fyllitt.
4. Råmetilhøva .....  
Vanleg gode, og det renn ei grov sjønnom feltet.
5. Vokster:
  - a. Skog, (slag, storleik og tettleik) .....  
Furu her og der i øverste del av feltet,  
elles bjerk.
  - b. Kratt, lyng og mose, (slag og mengd) .....  
Krattskog av bjerk, or og eine.
  - c. Gras, halvgras og urter, (slag og mengd) .....  
Der skogen dekker botnvegetasjon er det lite eller  
mindre gras, elles vanleg botnvegetasjon og gras  
og halvgras og delvis lyng.
6. Hall og lende .....  
Hallande mot sør-aust.
7. Tilgangen på drikkevatt .....  
God frå grova.
8. Totalinntrykk, (korleis feltet er skikka som beite m. v.) .....  
Når feltet vert godt kultivert og gjødsla-kalka,  
vert dette eit godt beite og då serleg vårbeite  
som bruket har mest bruk for til sauene.





Gjev opp vidda serskilt for fastmark og myr. Jordstykket må merkjast tydeleg i marka.



## DYRKINGSMÅTE

1. Hogst og rydning .....  
..... av skog og kratt som skal hoggast av godt  
..... ned til rota og brennast på feltet.  
.....
2. Stubbebryting .....  
..... Nei.  
.....
3. Grøfting .....  
..... Nei.  
.....
4. Steinrydning .....  
..... Nei.  
.....
5. Planering .....  
..... Nei.  
.....
6. Kalking, (slag og mengd).....  
..... 150 kg Mikrodol pr. da.  
.....
7. Jordarbeiding for frøsaing .....  
..... Flåhakking i branntøtene.  
.....  
.....  
..... Arbeidd i alt ..... dekar.
8. Fyrste gongs gjødsling, (slag og mengd) .....  
..... 40 kg Thomasfosfat, 10 kg vanleg Kali,  
..... 20 kg Kalkammonsalpeter, alt pr. da.  
.....
9. Frøsaing .....  
..... I branntøtene med ialt 6 kg beitefrø.  
.....  
..... Frøsaatt i alt ..... dekar.
10. Gjerdetype, (serskilt for yttergjerde og skiftegjerde) .....  
..... 4 x 15 x 36 med glatt tråd over og under.  
..... God stolp.  
.....
11. Skifteskipnad .....  
..... 1 skifte.  
.....
12. Skipnad med drikkevatt .....  
..... Frå grov som renn gjennom feltet.  
.....
13. Andre arbeid .....  
..... Arleg godt vedlikehold med gjødsling o.a.  
..... slik at beite vert slik det er tenkt til og  
..... i samsvar med reglane for statstilskot.  
.....



# OVERSLAG

..... m open grøft, .....	m djup, dagbr. ....	m, botnbr. ....	m, à kr. ....	=kr. ....
..... m open grøft, .....	m djup, dagbr. ....	m, botnbr. ....	m, à » .....	= » .....
..... m steingrøft, .....	m djup, botnbreidd .....	m, . . . . .	à » .....	= » .....
..... m røyrgrøft, .....	m djup, røyrstorleik, .....	. . . . .	à » .....	= » .....
..... m røyrgrøft, .....	m djup, røyrstorleik, .....	. . . . .	à » .....	= » .....
..... m .....	.....	.....	à » .....	= » .....
..... m attlagd tregrøft, .....	m djup. . . . .	. . . . .	à » .....	= » .....
..... m .....	gjerde, à kr. ....	pr. m, = kr. ....		
431 m <u>nytt</u> .....	gjerde, à kr. <u>7,50</u>	pr. m = » <u>2.232,50</u>		
..... m .....	gjerde, à » .....	pr. m = » .....	à » .....	= » <u>3.232,50</u>
Rydjing og brenning, (lyng, kratt m. v.), av .....	<u>20,0</u> dekar, . . . . .	à » <u>250,-</u>		<u>5.000,-</u>
Stubbebryting, heil eller delvis*), . . . . .	av .....	» . . . . .	à » .....	= » .....
Steinrydjing, heil eller delvis*), . . . . .	av .....	» . . . . .	à » .....	= » .....
Planering, heil eller delvis*), . . . . .	av .....	» . . . . .	à » .....	= » .....
Flahakking, i branntøntene . . . . .	av .....	» . . . . .	à » <u>r. s.</u>	<u>250,-</u>
Horving, . . . . .	av .....	» . . . . .	à » .....	= » .....
2 gonger sproyting BUSK OG KRATT <u>20,0</u>	av .....	» . . . . .	à » <u>40,-</u>	<u>800,-</u>
Kalking, . . . . .	av .....	» . . . . .	à » <u>35,-</u>	<u>700,-</u>
Leir- eller gruskøyring . . . . .	av .....	» . . . . .	à » .....	= » .....
Frosaing, (i alt <u>6</u> kg beitefrø), av .....	av .....	» . . . . .	à » <u>r. s.</u>	<u>50,-</u>
Fyrste gongs gjødsling, . . . . .	av <u>20,0</u>	» . . . . .	à » <u>35,-</u>	<u>700,-</u>
Graving av brunn(ar)*, . . . . .	av .....	» . . . . .	à » .....	= » .....
<u>Etterarbeid</u>			à » <u>r. s.</u>	<u>268,-</u>
			<u>Tilsaman kr. 11.000,-</u>	

Samla vidd 24,3 dekar.  
 Effektiv vidd, overflatedyrka 20,0 dekar. Pr. dekar kr. 550,-  
 Tilskot etter reglane kr. 4.400,-

Er arbeidet økonomisk forsvarleg? .....


Gaupne den 11. desember 1969

*Arvid Øst* 31 MARS 1973

*Janne Rie*  
 (Underskrift av planleggjar).

\*) Stryk det som ikkje høver.





0 20 40 60m
   
 Målestokk 1: 4000 ved A4 utskrift
   
 Utskriftsdato: 18.04.2023 01:49
   
 Eiendomsdata verifisert: 18.04.2023 01:46

**GÅRDSKART 4644-9/5/0**
  
 Tilknyttede grunneiendommer:
   
 9/5/0-9/8/0



Markslag (AR5) 7 klasser		AREALTALL (DEKAR)	
TEGNFORKLARING			
	Fulldyrka jord	53.6	
	Overflatedyrka jord	0.0	
	Innmarksbeite	30.9	84.5
	Produktiv skog *	205.7	205.7
	Annet markslag	263.3	
	Bebygd, samf., vann, bre	3.0	266.3
	Ikke kartlagt	0.0	0.0
	Sum	556.5	556.5

\* Produktiv skog er skog på fastmark og myr med skogbonitet lav eller bedre.

Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenneelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

- Arealressursgrenser
- Eiendomsgrenser
- Driftssenterpunkt